

VIK ARNAFJORD FRAMFJORDEN ØKONOMI OG NÆRINGS LIV FJERNBETJENT BUTIKK

# Stor dag for bygda: – Det går ein djevel i deg



Leif Aase og John Halset ynskete velkomen til ein moderne butikk. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Av [Ronja Årskaug Vallestad](#)

Publisert:  
02.08.25 11:26

Del

Både små og store møtte opp frå fjernt og nært for å markera den store hendinga i Arnafjord.

 For abonnentar

Telt skal opp, kaker skal på kjøll, pynt skal hengast på plass, instrument skal testast.

Det er mykje aktivitet utanfor butikken i Framfjorden når Sogn Avis parkerer bilen.

– Me kan snakkast etterpå! seier John Halset, som er travelt oppteken med å setta på plass stolar og bord.



I tilfelle regn er det fint å ha tak. Regnet kom heldigvis ikkje. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Onsdag var det duka for opning av den fjernbetente løysinga på Fjorden nærbutikk, som den andre fjernbetente butikken i kommunen.

Det lokka mange til fjorden, frå både fjern og nær.

### **Nyaste tilskotet i bygda**

Ei av dei som tok turen, var Therese Eidsvik (35). Ho hadde med seg dottera Agnes, som enn så lenge er den yngste innbyggjaren i Arnafjord, med sine åtte veker.

Therese set stor pris på butikken, både som samlingsstad for bygda, men òg for å løysa det praktiske. Med den fjernbetente løysinga vert ting endå enklare.

- Eg jobbar på fengselet i Vik, og kjem ofte heim etter klokka fem på ettermiddagen. Det er fint å kunne handla på nærbutikken då. Og så er det i tillegg søndagsope, smiler den nybakte mora, som for tida er i mammapermisjon.



Therese Eidsvik frå Kvinnherad kjenner seg godt teken i mot i bygda. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Ho kjem opphavleg frå Kvinnherad, men flytta til Nese i 2023 til sambuaren Bjarne Engum som kjem frå fjorden.

- Han kunne ikkje kome i dag. Han er på fjellet, seier ho, og presiserer at han skal sjekka på kalvane deira.

### **Ikkje tort å håpa på summen eingong**

Fjorden nærbutikk i Framfjorden opna i dei nye lokala sine i 2000, fortel avtroppande styreleiar Leif Aasen. Han har jobba mykje med prosjektet om å få til ein fjernbeteningsløyising.

- Om ein ikkje har butikk er det trist å vera her. Då går det ein liten djevel i deg, og du tenkjer: dette skal me få til, seier han.

Og det har dei gjort.

- Dette er eit samarbeid med alle i styret og bygdefolket, fortel påtroppande leiar John Halset.

- Me hadde ei innsamling for å få inn eigenkapital, og fekk inn 400.000 kroner. Me torde eigentleg ikkje å håpa på det, me håpte på halvparten, og at me kunne låna resten. Dette var heilt fantastisk!



Påtroppande leiar John Halset takka av avtroppande styreleiar Leif Aasen. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Den vesle butikken er under 100 kvadratmeter, som gjer at det kan bli rekna som ein brustad-bu. Altså at dei kan halda ope kvar dag heile året utan problem.

Trass i at butikken no nettopp har fått ei oppgradering, stoppar ikkje planane der. Påtroppande styreleiar Halset har mange idear og planar for butikken vidare.

- Det er endeleg ting på ønskelista, og alltid noko som må investerast i eller ordnast på, smiler han.

Og oppmøtet på opninga?

- Det er fantastisk! Me hadde ikkje turt å håpa på så pass mange folk, seier Halset.

### **Eignar seg ikkje for avisa**

Butikken har halde meirope sidan løysinga stod klar i starten av sommaren. Dei har allereie merka ein oppgang i handel, men dei pengterer likevel at det òg kan koma av sommarsesongen.



Alvilde (11) og Synne (13) frå Nese fekk æra av å klippa snora, her med hjelp frå ordførar Roy Egil Stadheim (Ap). Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Også folk frå utanbygds tok turen for opninga. Egil Vikøren, Einar Bystøl og Henny Marie Vikøren. Dei har alle feriehus i bygda, med ulik tilknytning.

- Det her er gode greier, me bruker butikken mykje, seier Egil Vikøren.

- Ja, no kan me køyra rett forbi Vik når me skal ut her, ler Henny Marie Vikøren.

Vossingen Einar Bystøl, gift med ei Framfjord-jente, fortel om kor viktig samlingsstad butikken er for bygda.



Henny Marie Vikøren, Einar Bystøl og Egil Vikøren fekk forsynt seg med kake og kaffi i høve markeringa. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

- Det er møte på butikken kvar dag klokka 10, der alle som vil samlar seg for ein prat.

- *Kva står på agendaen?*

- Det eignar seg ikkje for avisa, ler han.

### **Dugnad er avgjerande**

Svanhild Fretheim har òg funne seg kake, og ein god stol i godt lag utanfor bua.

Ho var med og starta opp den gamle butikken, i eit hus nokre hundre meter frå den nye. No bur ho på omsorgssenteret i Vik, og er innom bygda i høve opninga.



Etter kake og kaffi skulle Svanhild testa ut systemet... Foto: Ronja Årskaug Vallestad



... og sjølvsagt handla seg nokre varer. Nordlandspils er favoritten. Ho budde sjølv i Nord-Noreg i nokre år då ho jobba i Statkraft. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

- Eg dreiv mest med rekneskapen, og ikkje så mykje med ekspedering, fortel ho.

For å halda liv i butikken i bygda, har det vore lagt ned mange, mange dugnadstimar, både då Svanhild var med i drifta, men òg no med den nye butikken.

### Sjå kven andre som var der:



Einar Storby skal snart flytta til Framfjorden, men først må han pussa opp leilegheita han skal flytta inn i. Då kjem den meiorpe butikken godt med: - Det betyr at me kan handla her når me pussar opp! Foto: Ronja Årskaug Vallestad



Mari og Thale Halset hjelpte til med å dela ut kake og kaffi til alle som ville ha. Foto: Ronja Årskaug Vallestad



Eivind Stedje, Sissel Molland, Endre Stedje og Erik Stedje sykla frå Sogndal til Arnafjord, og kom midt i opninga. – Det var ei gledeleg overrasking! Det er ikkje kvar dag det skjer noko slikt. Foto: Ronja Årskaug Vallestad



Det stod ikkje på musikken. Foto: Ronja Årskaug Vallestad



Arild Straume, Marta Halset, Marit Nordstrand, Edith Halset, Berit Nesse, Liv Judit Straume og Venke Nesse er ein god baldning av fastbuande og hyttefolk. Foto: Ronja Årskaug Vallestad



Roy Egil Stadheim heldt tale for dei frammøtte: - Dette er med på å skapa bulyst, og det styrkjer bygda, sa han. Foto: Ronja Årskaug Vallestad



Mange ville få med seg hendinga. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Les meir om: [Vik](#) [Arnafjord](#) [Framfjorden](#) [Økonomi og næringsliv](#) [Fjernbetjent butikk](#)